# Glaskunst

"Eit byutviklingsprosjekt"



Foto: Olav Garborg

# Ei gåve til kyrkja og byen!

Eit av dei største glaskunstprosjekta i ei norsk kyrkje er på gang. Per Odd Aarrestad, "vår eigen" kunstnar, fødd i Time, står bak. I kulturområdet frå mølla og Fritz Røed-skulpturpark vil dette verta eit vakkert blikkfang i byen.

I kyrkja vil det erstatta vanskeleg motlys med vakre fargar som gjev større høgtid og rikare symbolspråk for alle som søkjer til kyrkja.

Trinn 1 med fondveggen er under produksjon i lokala til Integrert Kunst AS i Kristiansand. Bilete viser utkastet til kunst i ei av vindusflatene, lagt ut på lysbord i verkstaden.

Trinn 2 med tårnveggen er under planlegging. Realisering og bestilling vert gjort når alt er fullfinansiert. Til nå har vi fått ei fantastisk  jubileumsgåve frå Time Sparebank sitt gavefond på 1,1 million og arbeidar med å få inn sponsormiddel og gåver.







# Velkommen til å vera med å realisera dette store løftet for kyrkja og byen!

Støttealternativa er desse:

- Spons ei “vindusrute” med 20.000 og få eit stort, vakkert trykk av Per Odd Aarrestad
- Kjøp eit trykk av Per Odd Aarrestad til 5.000. 2 ulike trykk, som kan kjøpast på kyrkjekontoret.
- Gje ei medlemsgåve til konto 3325.37.41061



**Kontakt prosjektgruppa:**
Stein Ødegård - 911 57 105 - stein@time-kyrkja.no
Staale Grude Haaland - 905 65 275 - staale@waco.no